

REGLAR FOR UTLÅN/UTLEIGE AV KOMMUNALE LOKALAR OG UTEOMRÅDE

Pr 3.juli 2014

1. ANSVAR

Rådmannen har det overordna ansvaret for all utlån/utleige av lokalar i kommunale bygg/ uteareal og utstyr. Ansvar for mogleg utlån/ -utleige av enkeltrom / bygg er delegera til kontaktane under.

Desse reglane gjeld ikkje for kommunale bygg /areal som ikkje er i kommunal bruk eller for næringsareal.

2. GENERELT

Lokalar i kommunale bygg skal som hovudregel ikkje lånast ut til/nyttast til arrangement / tilstellingar i ikkje-kommunal regi (privat) eller kommersiell verksemd. Dette gjeld og av kommunalt tilsette til private arrangement/ tilstellingar som ikkje har noko med vedkomande si stilling/funksjon i kommune å gjera.

Kurs/verksemd heimla i Lov om vaksenopplæring kan gå føre seg i kommunale lokalar, men desse kursa må godkjennast, før kurset /terminen byrjar av kultursjefen.

Røyking og bruk av rusmidlar er ikkje tillat i kommunale bygg.

3. LOKALAR / AREAL

a) Skule-/ barnehagebygg:

Desse lokalane skal primært brukast til aktivitet i eigen regi. Utlån/utleige av lokalar i kommunale skal som hovudregel ikkje føregå, men det er visse unntak;

Lokalar kan nyttast til verksemd heimla i Lov om vaksenopplæring, sjå over.

Lokalar kan i feriane etter avtale lånast/leigast ut til ideelle organisasjonar til overnatting o. l. i samband med arrangement vilkår må då vera at alle kostnader også til all ekstra vask skal vera inkludera i leiga.

Vilkår er;

- politi- og brann myndighetar er orientert.
- Låntakar/leigetakar må syte for tilfredsstillande vakthald, samt betale for opprydding og reinhald.
- Lån-/leigetakar er m.a. ansvarleg for skader på bygning og innbu også utanfor, som oppstår under låne- /leigetida.
- Låntakar skal ein ansvarleg kontaktperson, som er ansvarleg for orden og låsing,
- Branntryggleik jamfør krav frå brannsjef.

Ansvarleg; Teknisk sjef

b) Kommunehuset:

Politiske parti kan lån møterom til gruppemøter etter avtale med rådmann/ merkantil sjef. Opne møter – medlemsmøter der dørene til huset ikkje kan låsast under møte må unngås. Den som innkallar til møtet er ansvarleg for nykel og forsvarleg låsing av dører, så ikkje uvedkomande kjem inn i kommunehuset før, under og etter møtet.

Ansvarleg ; Rådmann eller Organisasjon/ personal sjef

c) Biblioteket:

Lokale i biblioteket kan etter avtale nyttast til møte av politiske parti gruppemøter o. l.(ikkje opne medlemsmøter), og av ideelle lag/organisasjonar. Møteansvarleg er ansvarleg for nykel og låsing så uvedkomande ikkje kjem inn i biblioteket før, under og etter møtet.

Ansvarleg Biblioteksjef.

d) Uteområde

Kommunalt eigd uteareal (unnatak næringsareal) skal i utgangspunktet ikkje lånast/leigast ut til kommersiell verksemd.

Ansvarleg Teknisk sjef

e) Møbler / utstyr

Kommunalt eigd møbler og utstyr skal normalt ikkje brukast til anna enn den kommunale verksemda og det skal normalt ikkje lånast ut. Ved evt. utleige må leiga reflektere kva tilsvarande utstyr vil koste leigd av kommersielle aktørar.

Ansvarleg; Den einskilde bygning- /utstyr ansvarleg

Desse reglane erstattar Reglar for utlån av skular og skuleanlegg av 1991.

Godkjent 3. juli 2014

Per Dehli
Rådmann